



Ingvild Kalnes
Skarsvegen 420
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2274 - 17/29022

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.11.2017

Løyve til arealoverføring - gbnr 146/9 Fosse ytre

Administrativt vedtak. **Saknr: 456/17**
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad arealoverføring av eit areal på om lag 80-100 m² frå gbnr. 146/9 til eigedom 146/46.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.07.17 og supplert 05.10.17.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd busetnad område Fosse.

Det er i planperioden opna for 0 nye einingar i området. Tiltaket fører ikkje til auka belastning på eksisterande infrastruktur og er søkt arealoverført som tilleggsjord til eksisterande utbygd einbustadtomt.

Kommuneplanen § 5.15 er det opna opp for at det kan gjevast løyve til tilleggsareal på inntil 200 m² utan reguleringsplan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Saka vart sendt på høyring til Landbruksavdelinga og Hordaland Fylkeskommune. Det ligg føre slik uttale frå Hordaland fylkeskommune datert 06.10.17:



Vi viser til e-post datert 05.10.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev av 15.12.2015 (sak 2014/12281). Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte undersøkingar på staden 29.10.2015. Til stades var grunneigar Cato Olsen, som stilte med gravemaskin, og Øystein Skår og Monika Serafinska frå Hordaland fylkeskommune. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne ved registreringa. Vi har difor ingen merknad til planlagt arealoverføring.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 08.06.17.

Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 08.06.17.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til arealoverføring frå gbnr 146/9 til eigedom gbnr. 146/46 av eit areal på om lag 80 m².

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar av gbnr. 146/9 til heimelshavarar av gbnr 146/46 til å forestå søknad slik som omsøkt. Fullmakt datert 04.10.17

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring frå gbnr. 146/9 til eigedom gbnr. 146/46 av eit areal på om lag 80 m².

Arealoverføringa er i samsvar med KPA § 5.15. Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 08.06.17, jf. pbl. § 29-4. Nøyaktig storleik på arealet vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 17/2274

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversend avdeling for kart og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikellova § 35.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Cato Olsen og Ingvild Kalnes	Skarsvegen 420	5911	ALVERSUND
Reidunn Fosse	Skarsvegen 428	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Ingvild Kalnes	Skarsvegen 420	5911	ALVERSUND
----------------	----------------	------	-----------